



VINDAFJORD KOMMUNE

Møteprotokoll

Utval: Utval for drift, utvikling og kultur
Møtestad: Rådhuset
Dato: 23.03.2026
Tid: Kl. 13:00 - 15:00

Følgande medlemmer møtte	Parti
Opheim, Åge	H
Haugen, Jan Idar	SP
Hortman, Solveig	SP
Guri Ravatn	SV
Ivar Persvangen Ødegård	VILI

Forfall	Parti	Varamedlemmer	Parti
Bjørn Alvseike	FRP		
Hanne Kathrine Sørhus	KRF	Dagsland, Asle Kvitno	KRF

Møtenotater:

Kunngjering av møtet vart lagt ut på kommunen si heimeside og i *Grannar*.

Innkalling med saksdokument vart sendt til medlemmene 16.03.2026.

Møtet vart leia av Jan Idar Haugen (Sp)

Forfall:

- Bjørn Alvseike (Frp). Vara kunne ikkje stille.
- Hanne Kathrine Sørhus (Krf), Asle Dagsland stiller som varamedlem.

Møtet vert halde med 6 av 7 medlemmar og er vedtaksføre.

Frå administrasjonen:

- Halfdan Krohn-Brekke, kommunedirektør
- Berit Fylgjesvoll Haugslund, einingsleiar kommunaltekniske tenester
- Thomas Vestbø, einingsleiar areal og forvaltning
- Lars-Preben Håvik, beredskaps - og kvalitetsrådgjevar
- Willy Andre Solheim, avdelingsleiar VVA, beredskapskoordinator for kommunaltekniske tenester
- Mona Kristin Haraldseid, politisk sekretariat.
- Marianne Log Rødde, politisk sekreteriat.

Innkalling: Ingen merknad

Saksliste: Orientering om kommunen sitt beredskapsarbeid mangla i innkallinga. Sak 012/26

Privatisering av kommunale kaiar blir behandla like etter orienteringane.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
007/26	Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll
008/26	Referatsaker
009/26	Orienteringssaker
010/26	Innspel til handlingsprogram for samferdsel for Rogaland fylkeskommune 2026-2033
011/26	Tiltaksstrategi for Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) 2026-2029
012/26	Privatisering av kommunale kaiar
013/26	Spørsmål til administrasjonen

007/26 Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll

3 medlemmer blir valgt til å signere møteprotokoll

23.03.2026 Utval for drift, utvikling og kultur

Behandling

Møteleiar fremma forslag om Asle Dagsland (Krf) og Solveig Hortman (Sp) til å godkjenna og signera møteprotokollen.

Dette blei samrøystes vedteke.

DUK - 007/26 Vedtak:

Til å skrive under møteprotokollen vart desse 3 medlemmene valde:

1. Jan Idar Haugen (Sp), møteleiar
2. Solveig Hortman (Sp)
3. Asle Dagsland (KrF)

008/26 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

23.03.2026 Utval for drift, utvikling og kultur

Behandling

Ingen merknader til referatsakene.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke med 6 stemmer.

DUK - 008/26 Vedtak:

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

009/26 Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

23.03.2026 Utval for drift, utvikling og kultur

Behandling

Lars-Preben Håvik, beredskaps-og kvalitetsrådgjevar og Willy Andre Solheim, avdelingsleiar VVA orienterar om totalberedskapsåret 2026, kommunen sitt arbeid med beredskapsplanar og digital sikkerheit.

Berit Fyljesvoll Haugsland, einingsleiar kommunaltekniske tenester, orienterar om tilbygg/vedlikehald på kommunale bygg, arbeid med privatisering av veg, VA-prosjekt som vart ferdigstilte i 2025 og VA -prosjekt som er under prosjektering/i arbeid.

DUK - 009/26 Vedtak:

DUK tek orienteringssakene til etterretning.

010/26 Innspel til handlingsprogram for samferdsel for Rogaland fylkeskommune 2026-2033

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kommune gir følgande innspel til Handlingsprogram for samferdsel i Rogaland 2026-2033 i prioritert rekkefølge:

1. FV 4736 Vikevegen, utbetring frå Isvik til Vikebygd, inklusiv sentrumsområdet i Isvik, Svendsbø bru og GS-veg frå Vossasvingen til butikken i Vikebygd.
2. FV 46 Saudavegen, utbetring Sandeid - Vikedal, inklusiv brua over Vikedalselva
3. FV 46, Saudavegen, utbetring Miljøgate i Sandeid sentrum
4. Fv. 4760 Dreganesvegen, Miljøgate i Ølen sentrum, inkludert GS- veg langs Dreganesvegen frå Ølen idrettsområde til Osen
5. Fv 46 Saudavegen, utbetring Skipavåg - Iglatjørn
6. Fv 4738, Haraldseidvågen, utbetring
7. FV543, Bjoavegen, utbetring på strekning ned mot Utbjøa ferjekai
8. FV 46 Saudavegen, GS-veg Knapphus - Kårhus
9. FV 514 Sandeidvegen, GS-veg Lærdal - Økland

Utover dei konkrete prosjekttinnspela ber Vindafjord kommune om at Rogaland fylkeskommune, via Kolumbus, koordinerer ruteplanlegginga slik at det blir korrespondanse mellom bussar og hurtigbåtar og ferjer i Sunnhordlandsbassenget og buss og hurtigbåt i Ryfylkebassenget. Det er svært uheldig at dette ikkje er tilfelle i dag, då det gjer at det blir vanskeleg for kommunen å nå mål om auka bruk av kollektiv transport.

23.03.2026 Utval for drift, utvikling og kultur

Behandling

Thomas Vestbø, avdelingsleiar areal og forvaltning, orienterte om saka før handsaminga.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 6 stemmer.

DUK - 010/26 Vedtak:

Vindafjord kommune gir følgende innspel til Handlingsprogram for samferdsel i Rogaland 2026-2033 i prioritert rekkefølge:

1. FV 4736 Vikevegen, utbetring frå Isvik til Vikebygd, inklusiv sentrumsområdet i Isvik, Svendsbø bru og GS-veg frå Vossasvingen til butikken i Vikebygd.
2. FV 46 Saudavegen, utbetring Sandeid - Vikedal, inklusiv brua over Vikedalselva
3. FV 46, Saudavegen, utbetring Miljøgate i Sandeid sentrum
4. Fv. 4760 Dreganesvegen, Miljøgate i Ølen sentrum, inkludert GS- veg langs Dreganesvegen frå Ølen idrettsområde til Osen
5. Fv 46 Saudavegen, utbetring Skipavåg - Iglatjørn
6. Fv 4738, Haraldseidvågen, utbetring
7. FV543, Bjoavegen, utbetring på strekning ned mot Utbjoa ferjekai
8. FV 46 Saudavegen, GS-veg Knapphus - Kårhus
9. FV 514 Sandeidvegen, GS-veg Lærdal - Økland

Utover dei konkrete prosjekttinnspele ber Vindafjord kommune om at Rogaland fylkeskommune, via Kolumbus, koordinerer ruteplanlegginga slik at det blir korrespondanse mellom bussar og hurtigbåtar og ferjer i Sunnhordlandsbassenget og buss og hurtigbåt i Ryfylkebassenget. Det er svært uheldig at dette ikkje er tilfelle i dag, då det gjer at det blir vanskeleg for kommunen å nå mål om auka bruk av kollektiv transport.

011/26 Tiltaksstrategi for Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) 2026-2029**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utkast til tiltaksstrategi for nærings- og miljøtiltak i skogbruket 2023-2026 vert godkjent. Felles overordna retningslinjer for tilskot til skogsvegar og taubane o.a. for alle kommunane i Rogaland, med framtidige oppdateringar, vert godkjent som del av tiltaksstrategien.

23.03.2026 Utval for drift, utvikling og kultur**Behandling**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 6 stemmer.

DUK - 011/26 Vedtak:

Utkast til tiltaksstrategi for nærings- og miljøtiltak i skogbruket 2023-2026 vert godkjent. Felles overordna retningslinjer for tilskot til skogsvegar og taubane o.a. for alle kommunane i Rogaland, med framtidige oppdateringar, vert godkjent som del av tiltaksstrategien.

012/26 Privatisering av kommunale kaiar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår å redusera talet på kommunale kaiar etter framlegg i saka. Saka vert lagt ut på offentleg høyring i 4 veker.

23.03.2026 Utval for drift, utvikling og kultur

Behandling

Berit Fyljesvoll Haugslund, einingsleiar kommunaltekniske tenester, orienterte om saka før handsaminga.

Duk merkar seg at det ikkje er oppført i sakspapira at dette er ei utsatt sak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med følgjande merknad:

Duk presiserer: I tillegg eig Vindafjord Kommune to kaiar på Dommersnes.

DUK - 012/26 Vedtak:

Kommunedirektøren tilrår å redusera talet på kommunale kaiar etter framlegg i saka. Saka vert lagt ut på offentleg høyring i 4 veker.

Duk presiserer: I tillegg eig Vindafjord Kommune to kaiar på Dommersnes.

013/26 Spørsmål til administrasjonen

23.03.2026 Utval for drift, utvikling og kultur

Behandling

Ingen.

DUK - 013/26 Vedtak:

.